

HARAM KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Mandag 24.09.2018 kl. 12.00 på Eidet omsorgssenter, Trolldalssletta 12, Vatne.
Møtet starter med ei omvisning på senteret.**

SAKLISTE:

- Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.05.2018
- « 13/18 - Budsjettforslag 2019 for Haram kontrollutval.
- « 14/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.
- « 15/18 - Rekneskapsrevisjon Haram kommune 2017 – oppfølging av enkelttema.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 / 926 11735 til dagleg leiar eller til e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Sigrid Eidsvik
leiar
(sign.)

Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.05.2018

Kontrollutvalet i Haram kommune

MØTEBOK

Møtedato: 28.05.2018, kl. 12.00 – 13.35

Møtestad: kommunehuset, Brattvåg

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik

Elles til stades: Eivind Davik, Åge Vikestrand, Grete Berbu og Karl Fjørtoft.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Frå kommunerevisjonen møtte revisorane Anne Nygård og Solrun Aannø Tusvik.

Frå administrasjonen møtte stabsleiar Per Langnes og økonomisjef Levi Lervik.

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

Sak 05/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 12.04.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 12. april 2018 blir godkjent.

Sak 06/18 - Årsmelding 2017 – Haram kommune.

Innstilling datert 23.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Haram kommune til orientering.

Sak 07/18 - Årsrekneskap 2017 – Haram kommune.

Innstilling datert 23.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttalelse:

Haram kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.

Sak 08/18 - Årsrekneskap 2017 – Ingebrigt Davik Huset KF

Innstilling datert 23.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttalelse:

Ingebrigt Davik Huset KF sin rekneskap for 2017 blir godkjent.

Sak 09/18 - Årsrekneskap 2017 – Fellesnemnda Nye Ålesund.

Innstilling datert 23.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Fellesnemnda for Nye Ålesund sitt prosjektrekneskap 2017 blir teken til vitande

Sak 10/18 - Restanse liste – sakar handsama i kommunestyret.

Saka vart lagt fram utan innstilling frå sekretariatet. Leiar fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sak 11/18 - Haram kommunes beredskap på strålevern. Orientering ved stabsleiar Per Langnes.

Saka vart lagt fram utan innstilling frå sekretariatet. Leiar fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Neste møte vart avtalt til mandag 24. september 2018 på Eidet omsorgssenter.

Sigrud Eidsvik	Eivind Davik	Grete Berbu	Åge Vikestrand	Karl Fjørtoft
Leiar	nestleiar	medlem	medlem	varamedlem
(sign)	(sign)	(sign)	(sign)	(sign)

Sak 13/18 - Budsjettforslag 2019 for Haram kontrollutval.

VEDKOMANDE BUDSJETT 2019 – HARAM KONTROLLUTVAL

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Haram kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Haram kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

14/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 10. septembar 2018.

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggest fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Saka blir lagd i denne omgangen fram for kontrollutvalet utan innstilling til vedtak.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Haram kontrollutval

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
10.09.2018

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
 - *Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune*
 - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
 - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
 - *Johs Aspehaug, styreleiar*
 - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*
«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»
- 4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
- 5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

Konstituert dagleg leiar i Komrev3 IKS sendte før sommaren invitasjon i tråd med dette vedtaket til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Det er mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no. Det kom vidare positiv tilbakemelding frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, og det er etter dette gjennomført samtaler med dette selskapet.

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlinger om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
2. *Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
 - *3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter*
 - *Styrets leder i MRR*
 - *Daglig leder i MRR*
 - *Ansattrepresentant fra MRR*
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

Representanter:


Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara

Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara

Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara

Komrev3 IKS ønsker å halde kontrollutvala orienterte om dette arbeidet, og vil kome attende med ytterlegare informasjon når det ligg føre.

Med helsing



Kurt Løvoll

konst. dagleg leiar

Sak 15/18 - Rekneskapsrevisjon Haram kommune 2017 – oppfølging av enkelttema.

Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3, datert 28. juni 2018; Rekneskapsrevisjon 2017 – Haram kommune.

Bakgrunn:

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapa, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet. Rapporten legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Mottakarar:
Haram kontrollutval
Rådmannen i Haram kommune

Vår saksbehandler:

Vår dato:
28.06.2018

Vår referanse:

Rekneskapsrevisjon 2017 – Haram kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapsen for rekneskapsåret 2017 for Haram kommune.

Vår oppgåve er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapsen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapsen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapsen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2017. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp

Det vart plukka ut 12 forskjellige leverandørar som hadde omsetning over nasjonal terskelverdi, det vil seie om lag 1,1 mill. kroner i løpet av fire år. Av dei 12 utplukka leverandørane var det fleire avtalar som ikkje var handsama etter regelverket.

Avtalen med Kåre Beite er vurdert i eige brev til kontrollutvalet.

I tillegg til avtalen med Kåre Beite er det gjennomført direktekjøp frå handverkarar til vedlikehaldsoppdrag, og leveranse frå to entreprenørar har delvis vore utan konkurranse. For leveranse frå handverkarar har kommunen meint at Haram var med i felles innkjøpsavtalar som Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre har inngått. Konserninnkjøp i Ålesund kommune, som

gjennomfører konkurransane opplyser at det i aktuelle tidsrom berre var Ålesund kommune med kommunale føretak som var med i konkurransen.

Leveransane utan konkurranse frå entreprenørane har vore spesielle der omfanget av leveransen har vore uklare ved bestillinga. Dette var reparasjon av råteskade ved Tennfjord skule og reparasjon av vasskade ved Brattvåg barneskule. Innkjøp til oppgradering av avløpsnett på Søvik har etter vår vurdering også vore utan konkurranse.

Vår samla vurdering er at det er gjennomført innkjøp av tenester til vedlikehaldsoppdrag utan at det har vore konkurranse.

Budsjettering, budsjettoppfølging og rekneskapsføring i investeringsrekneskapen

Forskrift om årsbudsjett og årsregnskap for kommunar og fylkeskommunar har i vedlegg 2 ein spesifisering over budsjettskjema 2A der det går fram at kompensasjon for meirverdiavgift skal vere spesifisert i budsjettet. Frå og med 2014 skal all kompensasjon for meirverdiavgift som kjem frå investeringsprosjekt budsjetterast og bokførast i investeringsrekneskapen.

Haram kommune har etablert ein praksis der det ikkje vert budsjettert med meirverdiavgiftskompensasjon i investeringsrekneskapen. I 2017 er det motteke og bokført 14,4 millionar kroner i kompensasjon for meirverdiavgift. Budsjettavviket er vesentleg.

Budsjettskjema 2B stetter ikkje kravet til oppstilling slik det går fram av forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner). I budsjettforskrifta §8 går det fram at:

Årsbudsjettet skal minst vise beløp for det år budsjettet gjelder for, det foregående budsjettår og det sist vedtatte årsregnskap

Finansiering av investeringane skal gå fram av skjema 2A.

Rekneskapen skal ha same oppstillingsplan i budsjett og i rekneskap. I rekneskapsforskrifta står det presisert under skjema 2B:

Her føres opp den nærmere fordeling av «Investeringer i anleggsmidler» på de ulike investeringsrammene/-prosjektene spesifisert på samme nivå som i kommunestyrets/fylkestingets vedtak av investeringsbudsjettet.

Ved kontroll av budsjettendringar har vi notert at vedteke endringar er innarbeidd i budsjettet med følgjande unntak:

- Vedlikeholdstilskot på kr 3 554 000 og kr 2 280 000 er ikkje innarbeidd i budsjettet. Tilskotet er vedtatt fordelt på prosjekt, men ikkje fordelt med omsyn til drift eller investering.
- Forlik med Invi AS (sak 30/17) er vedtatt finansiert med lån, men vedtaket er ikkje reflektert i investeringsbudsjettet. Kommunerevisjonen har peika på at dette etter vår vurdering ikkje er ei investeringsutgift etter god kommunal rekneskapskikk, og det vart heller ikkje bokført som ei investeringsutgift. Forliket vart på kr 4.250.000, og er bokført som ei driftsutgift.

Rådmannen opplyser at ho ikkje såg på vedtaka som budsjettreguleringssaker.

Test av kommunen sine egne kontroller på lønsområdet

Revisjonen har kartlagt rutine for fast og variabel lønn. Endringer av faste lønnsutgifter som til døme endring av stillingsprosent, vert registrert i eit forsystem (personalmelding). Variabel løn vert registrert via forsystemet Min vakt. Reiseutgifter vert registrert av den tilsette i Visma Expense. Alle systema har krav til at opplysningane går på elektronisk flyt til attestering og godkjenning av einingsleiar eller den som har tilvisingsmynde før opplysningane vert overført til lønssystemet.

I lønssystemet HRM er alle tilsette i kommunen registrert inn i organisasjonsstruktur. For kvar eining er det angitt kven som er leiar og kven som kan registrere, attestere og tilvise.

Vi meiner at kommunen har etablert god intern kontroll med dei elektroniske godkjenningrutinane.

Kommunen praktiserer køyrebok for bruk av kommunale bilar.

Kommunen sine avstemmingar av skattetrekk, arbeidsgjevaravgift, feriepengar og pensjon er kontrollert. Det er ikkje avdekka vesentlege avvik.

Kommunen har praktisert at variable lønsutgifter i desember vert utbetalt og registrert som ei utgift i januar året etter. For 2017 vil denne variable lønn inklusive arbeidsgjevaravgift vere om lag 2,5 til 3 millionar kroner. Dette medfører mellom anna at balansen er feil. Vi har i møte med rådmannen tatt opp problemstillinga, og rådmannen har opplyst at dei seinast for året 2019 vil endre praksis. Vi vil uansett vurdere dette i samband med rekneskapen for 2018.


Salsområdet pleie og omsorg

Bebuarar på institusjon skal betale vederlag etter gitte reglar. Vederlaget skal justerast etter bebuarane sine inntekter. Det vert først stipulert eit vederlag, som skal etterbereknas året etter når sjølvmeldinga for bebuarane er ferdig handsama.

Kommunen har om lag 70 bebuarar som er omfatta av ordninga. Vi hadde i utgangspunktet plukka ut eit tilfeldig utval på 20 % til kontroll. Ut frå det avgrensa utplukket skal vi gjere oss opp ei meining om rutine som kommunen har etablert er tilfredsstillande.

Det har vore ei utfordring for oss å få dei opplysningane som vi treng for å kunne gjennomføre kontrollen. Mellom anna har vi ikkje fått opplysningar om dei bebuarane som fekk vedtak om langtidsopphald i november og desember 2016. Vi arbeider vidare med kontrollen og vil ta ein gjennomgang med rådmannen når vi er ferdig.

Med helsing



Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor|

Solrun Aannø Tusvik
revisjonsmedarbeidar